



Notat

Dato: 07.12.2015
Arkivsak: 2014/10533-39
Saksbehandlar: hilruns

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status handlingsplan for forholdet mellom skuleeigar og skular

Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av referatsak RS 18/15 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – Handlingsplan gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 23.03.15:

*Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er kome i gang når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular. På bakgrunn av at mange av punkta er planlagd gjennomført eller starta opp i løpet av 2015 ber kontrollutvalet om **status på arbeidet** i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»*

Fylkestinget bad i møtet 15.10.14 fylkesrådmannen syte for å:

«Lage ein handlingsplan innan 02.01.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular vart handsama i sak RS 1/15, møte opplæring- og helseutvalet 20.01.15, sak RS 10/15, møte fylkesutvalet 29.01.15, sak RS 4/15, møte fylkestinget 10.03.15, samt sak RS 18/15 møte kontrollutvalet 23.03.15.

Vedlegg i saka:

- Status for arbeidet etter Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan
- Retningslinjer for oppfylging av elevane sitt minste årstimal
- System for eigenevaluering i høve opplæringslov og forskrift
- Retningslinjer for tilsynsbesøk